

Rutinar for bruk av streaming i Vestland fylkeskommune

Grunna situasjonen med korona kan det vere ein del elevar som til ein kvar tid ikkje kan vere på skulen og delta i læringsarbeidet der. Direktør for opplæring og kompetanse vil gjerne gi elevar heime eit tilbod slik at dei kan følgje studieprogresjonen til medelevar på skulen, gjennom bruk av læringsplattform, skytenester, digitale læremiddel og streaming. Ved bruk av streaming kan elevane heime i sanntid sjå og høyre når lærarar instruerar.

Prinsipp for bruk av streaming:

- Elevar som er heime skal kunne vere med i læringsarbeidet (når det er mogleg) gjennom stream via Google Meet eller MS Teams.
- Streaming skal så langt det er mogleg kun skje av lærar i ulike læringssituasjoner - ikkje av elevar i t.d. eit klasserom (lyd, bilete). Elevane på skulen skal så langt det er mogleg vere skjerma for all streaming.
- Skulane skal innhente løyve frå elevane på skulen til at dei i visse utilsikta tilfelle kan bli streama. Om elevane er mellom 15-18 år må skulane informere dei føresette. Sjå døme på løyveskjema sist i dette dokumentet.
- Streamen skal kun gå til ei lukka gruppe (elevar som er heime og lærar).
- Eventuelt opptak av stream skal lagrast slik at det er tilgjengeleg for den lukka gruppa som hadde tilgang til streamen. Lagringa skjer i skysystema som er brukt til streaming. Data lagra i skytenesta er beskytta av datahandsamaravtalar VLFK har, og som følgjer [GDPR](#). Opptaket skal slettast seinast ved slutten av skuleåret.
- Avdelinga set ein standard for kva utstyr som best i varetek behova ved streaming (lyd, bilete).
- Både tilsette og elevar som har konto i VLFK har godteke IKT-reglementa. IKT-reglementa gjeld også når undervisning vert streama.

Retningslinjer for elevar til stades i læringsarbeid på skulen:

1. Tilpass deg situasjonen

Tilpass deg situasjonen slik at du ikkje sjølv eller medelevar på skulen blir streama. Dette gjeld både i høve til lyd og bilete.

2. Medansvar

Du har eit medansvar for at læringa på skulen også kjem medelevar heime til gode. Til dømes gjennom samarbeid i læringsplattform/ skyteneste o.l. med elevar heime eller å hjelpe lærar i høve til å få til gode streamingsøktar for dei som er heime.

3. Lagring av stream

Det er ikkje lov for elevar å ta opptak av streaminga, verken gjennom verktøya som vert brukt av lærar eller via eigen mobil/ andre verktøy.

Retningslinjer for elevar heime:

1. Sitt i rolige omgjevnader

Sitt i rolige omgjevnader der du ikkje blir forstyrra.

2. Ta omsyn til lærar og medelevar

Ta omsyn til lærar og medelevar i høve til egine aktivitetar (spise, snakke med andre m.m.) som vert fanga opp av kamera og lyd på din datamaskin.

3. Datamaskin, headset og nettverk

Du har sjølv ansvar for at datamaskin, headset og nettverk fungerer tilstrekkeleg.

4. Ver godt forberedt

Ha alle naudsynte ressursar (bøker, notat osv.) foran deg før undervisninga begynner.

5. Delta og bidra i undervisninga

Nettundervisning og streaming krev god deltaking og oppmerksomd for å fungere godt. Kom med forslag til undervisninga og ta initiativ til samarbeid med andre.

Retningslinjer for lærar på skulen:

1. Ver forberedt

Ta kontakt med ePedagog eller eKoordinator ved skulen (ev avdelinga) for å få opplæring i bruk av streaming ved behov. Koordinator gjerne læringsarbeidet over tid (vekebasis) med kollegaer, slik at det vert mogleg å variere læringa i dei ulike faga både på skulen og for elevar heime. Bruk felles digitalt planleggingsverktøy.

2. Sjekk utstyr og programvare

Sjekk før timen begynn at alt fungerer som det skal. Kamera og lyd må vere tilpassa programvaren Meet eller Teams. Avtal med elevar heime ein kommunikasjonskanal (t.d. chat i Itslearning eller Teams/G Suite) dersom streaminga av ei eller anna orsak ikkje skulle føre fram.

3. Ver varsom

Så langt det er mogleg skal elevar til stades på skulen ikkje streamast (lyd, bilete).

4. Lagring av stream

Når du som lærar startar eit Meet eller Teams møte og tek dette opp, vert dette lagra på ditt område i G Suite eller Teams. Data av denne typen skal du kun lagre så lenge det er behov for dette i læringssamanheng, og du skal ha ein plan for når desse data skal slettast. Opptaket skal seinast slettast ved slutten av skuleåret.



Løyve i høve til å delta i streaming av undervisning skuleåret 2020-2021

Grunna situasjonen med korona kan det vere ein del elevar som til ein kvar tid ikkje kan vere på skulen og delta i læringsarbeidet der. Direktør for opplæring og kompetanse vil gjerne gje elevar heime eit tilbod slik at dei kan følgje studieprogresjonen til medelevar på skulen, gjennom bruk av læringsplattform, skytenester, digitale læremiddel og streaming. Ved bruk av streaming kan elevane heime i sanntid sjå og høyre når lærarar instruerar. Det er imidlertid slik at det er ulike arbeidsmåtar i opplæringa, og elevar på skulen kan også i enskilte tilfeller bli streama ut til medelevar som er heime. I tilknytning til dette ønskjer direktøren, etter råd frå Datatilsynet og personvernombodet i Vestland fylkeskommune, å innhente løyve til å gjere dette frå anten elevane sjølve (gjeld alle over 15 år) eller føresette.

Eg gir løyve til at eg i visse tilfelle kan vere med i streaming (bilete/lyd) i opplæringsssamanheng til medelevar som er heime. Streaminga vert ikkje teken opp eller lagra.

Ved å signere skjemaet godtek eg at eg kan delta i undervisning som vert streama og at eg ikkje kan korkje dele stream eller opptak med andre.

Dato _____

Navn _____ K1 _____

Sign _____